



Meland kommune v/ kulturavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2746 - 15/21788

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

04.12.2015

Søknad om påfylling av jordmassar på Gbnr. 16/2 og 16/5 Meland

Meland kommune har motteke søknad frå Lasse André Dale på Gbnr.16/2 og 16/5 på Meland, om å få fylle på jordmassar på eit areal på ca. 3 daa synleg på vedlagt kart.

Søkjer har starta opp sauehald og det omsøkte arealet ligg nærme driftssenter. Arealet har vore slått/beita tidlegare. Det omsøkte arealet er på myr og er svært bløtt, det er difor ikkje mogleg å hauste arealet maskinelt. Det er planlagt å fylle på om lag 5000 m³ i ein høgde på mellom 1 og 3 meter. Dette får å heve terrenget samt profilera det betre for maskinell hausting. Arealet skal brukast til slåttemark etter gjennomføring av planlagt tiltak. Kommunen ser verdien i å auke slåttearealet nærme driftssenter på eigedommen. Det omsøkte arealet er i LNF-området og er ein del av eit større kulturlandskap

Meland kommune ynskjer å klarlegge om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden som kan komme i konflikt med tiltaket. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune v/ kulturavdelinga for evaluering.

Tiltak: Påfylling av om lag 5000 m³ jord på ca. 3 daa for å oppgradere arealet til slåttemark for maskinell innhausting.

Gbnr: 16/2 og 16/5

Kommune: 1256 Meland

Frist for utale: 08.01.2015

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Kart til søknad om jordpåfylling Gnr. 16-2 og 16-5

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Lasse André Dale

Melandsvegen 331 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Meland kommune v/
kulturavdelinga

Hordaland Fylkeskommune v/
kultur- og idrettsavdelinga